



Breheimen
nasjonalparkstyre

Møteinkalling

Utvalg: Breheimen nasjonalparkstyre

Møtested:

Dato: 08.09.2023

Tidspunkt: 08:30

Eventuelt forfall må meldes snarest til nasjonalparkforvalter. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 21/23	Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 22/23	Mørkridsdalen LVO- Oppføring av bygning på Berget- Johan Mørkrid	2023/6773	
ST 23/23	Referatsaker		
RS	Melding om vedtak i Lom kommune: Endring av kommunal forskrift om motorisert ferdsel på vassdrag i Lom	2022/7818	
ST 24/23	Delegerte vedtak		
DS 29/23	Delegert sak - Breheimen NP - 2023 - Bruk av drone til filming - Egmont PEOPLE v/ Amalie Gulbrandsøy	2023/7289	
DS 30/23	Delegert vedtak - Mørkridsdalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2023 - helikopter - restaurering av sel og oppføring av utedo - Dalen - 20/10 - Rune Fuglesteg	2023/4263	
DS 31/23	Delegert vedtak - Høydalen LVO - 2023 - Dispensasjon - Opplag av båt ved Tverrbytnet i Bukkebotnen - Eilev Hellekveen	2023/7334	
DS 32/23	Delegert vedtak - Breheimen NP - 2023 - Landing med helikopter for å vurdere skade etter uværet "Hans" - Lomseggen sameige v/ Kjell Brandsar	2023/8525	
DS 33/23	Delegert vedtak- Mørkridsdalen landskapsvernområde-Dulsete-Restaurering av Haugsselet på Dulsete-Dispensasjon for motorferdsel-Helikopter- Johannes Hauge	2021/4296	
ST 25/23	Eventuelt		

ST 21/23 Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar /



Arkivsaksnummer: 2023/6773-4

Saksbehandlar:

Aina-Elise Bolstad Stokkenes

Dato: 07.08.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	22/23	08.09.2023

Mørkridsdalen LVO- Oppføring av bygning på Berget-Johan Mørkrid

Innstilling frå forvaltar

Breheimen nasjonalparkstyre gjev Johan Mørkrid dispensasjon til å byggja utedo på stølen Berget i Mørkridsdalen. Dispensasjonen er gjeve med heimel i verneforskrifta for Mørkridsdalen landskapsvernombord og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ. Dispensasjon til motorferdsel tilknyttet tiltaket er heimla i verneforskrifta for Mørkridsdalen landskapsvernombord § 3 pkt 6.3 e.

Løyvet er gjeve med følgjande vilkår:

- Utedoen på Berget skal plasserast i skogen ovanfor stølshuset, avmerkt på kartet i saksopplysingane.
- Utedoen skal tilpassast terrenget utan vesentleg terrenginngrep.
- Utedoen skal byggjast av tremateriale, med tak av gammalt bølgjeblekk. Sjå teikning for eksakte mål på bygget. Kledninga på utedoen skal vera liggande. Utedoen kan behandlast med tjære i same fargekulør som stølshuset.
- Utedoenes fundament skal vera av lokal stein funne på staden. Stein skal ikkje fjernast frå kulturminne.
- Tiltakshavar får løyve til å fjerne trær og anna vegetasjon for å rydde plass til utedoen. Edellauvtrær skal takast omsyn til, og eldre/større trær av artane alm, lønn, ask og hassel skal ikkje fjernast.
- Tiltakshavar er ansvarleg for vedlikehald og eventuell tömming av utedoen. Avfall etter utedoen skal nedgravast.
- Etter byggearbeidet er avslutta, skal restmateriale og utstyr takast hand om og transporterast ut av området.
- Dersom utedoen fører til problem av noko slag, skal tiltakshavar fjerna utedoen, og området skal ryddast for inngrep og materiale.
- Det vert gjeve løyve til ei landing med helikopter i forbindelse med byggearbeidet. Løyve til motorferdsel gjeld i perioden 1 august-1 februar i 2023-2026.
- Løyve til oppstart av tiltaket gjeld i 3 år frå vedtaksdato. Det skal sendast rapport med bilde frå tiltaket til sekretariatet når arbeidet er sluttført.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn i saka:


- Søknad om oppsetjing av utedo på stølen Berget tilhøyrande gbnr. 25/6 Johan Mørkrid. Datert 31.05.2023. Oversendt frå Luster kommune 21.06.23.
- Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter Nml §48, KLD 02.03.15
- Uttale frå Vestland fylkeskommune

Berget er vårstølen til bruk nr 25/6 på Mørkrid eigd av Johan Mørkrid. Stølen ligg i Mørkridsdalen landskapsvernområde. I 2015/16 sette Mørkrid i stad selet på Berget.


Søkjar ynskjer å setje opp utedo i tilknyting til stølshuset. Søkjar skriv i søknaden at «..bygget vert plassert 40-50 meter opp for selet, litt i retning Ormhol, inne i skogen. Sjå ca. kryss i kart.

Det blir brukt liggjande kledning som behandlast med brun tjære. Håpar å få den sett opp før vinteren. Må og få løyve til 1 tur med helikopter.»

Søkjar har også laga teikning av korleis utedoen vert dimensjonert og skal sjå ut.



For å sjå på rett plassering var forvaltar og søker på Berget 7 juli 2023.



Figur 1 Skisse av utedoen, innsendt av søker.

Figur 2 Utsnitt frå tylkesatlas som viser kor utedoen skal stå.

Det er i dag eit tråkk inn i skogen mellom selet/postkassen og inn mot kor utedoen vert plassert. Mest truleg er tråkken laga av hjort.



Figur 3 Bilete er teke frå støshuset/postkassen mot utedoens plassering.

Utedoen skal plasserast ved den store steinen til høgre i biletet under.



Figur 4 Plassering av utedoen.

Tiltakshavar vil finne nokre steinar i området og bygge fundament til utedoen.

Utedoen skal flygast opp heil (utan tak). Taket vert av eldre bølgjeblikk.

Det er mykje småskog og noko større skog i det området som utedoen vert plassert. Tiltakshavar må hogge litt skog for at helikopteret skal klara å setje utedoen på plass.



Figur 5 Bilete er i frå den plasseringa utedoen får og mot stølshuset på Berget

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Breheimen har delegert forvaltningsmyndighet for Breheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62.

Søknaden vert vurdert etter

- Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernområde, 7 august 2009
- Forvaltningsplan for Breheimen, 17 februar 2017
- Naturmangfaldslova, 19 juni 2009 nr. 100

Lovgrunnlaget

Føremålet med Mørkridsdalen landskapsvernområde er fylgjande:

§ 2. Føremål

Føremålet med Mørkridsdalen landskapsvernområde er å ta vare på eit natur- og kulturlandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi og som er identitetsskapande.

Vidare er føremålet med landskapsvernområdet å:

- ta vare på stølar med stølsvollar, kulturminne og naturbeitemarker
- ta vare på geologiske førekomstar og breforma landskap som U-dalar, breane sine avsetningar og andre kvartærgeologiske førekomstar

- ta vare på vakker og særprega vassdragsnatur, særleg knytt til Mørkridsdalselvi
- ta vare på edellauvskogen med særmerkte, store og/eller gamle dekorative levande og daude tre, førekomstar av gamal furuskog og rasmarker som pregar landskapet.

Ålmenta skal ha høve til natur- og landskapsoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Landskapet i Mørkridsdalen landskapsvernområde er i medhald av § 3 pkt 1.1 verna mot inngrep:

«Området er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sitt sær preg eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifa pkt. 1.2 og 1.3 er det forbod mot inngrep som vegbygging, oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar, anlegg og innretningar, parkering av campingvogner, motorkøyretøy og maskiner, etablering av oppdrettsanlegg, vassdragsregulering, opplag av båtar, graving og påfylling av masse, sprenging og boring, uttak og fjerning av større stein og blokker, mineral eller fossil, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrkning, nyplanting, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, opparbeiding og merking av stiar, løyper o.l. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistingen er ikkje uttømmande.»

Forvalningsstyresmakta kan gje løyve til «oppføring av bygningar, innretningar og anlegg som er naudsynte til jordbruksføremål på stølsvollar der det er bygningar før» jamfør § 3, punkt 1.3.c). Utleden kan ikkje vurderast etter desse reglane. Forvaltningsstyret kan i særskilte høve vurdera om det er heimel til tiltak etter naturmangfaldlova § 48 første ledd første og alternativ som seier at «*Forvalningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig*». Det må vurderast om vilkåra for å gje dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48 er oppfylt, og om det kan gjevast dispensasjon til tiltaket.

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Presedens

I einskildsaker som gjeld tiltak skal ein vurdera verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningslinjer for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldslova § 48, gjeve av KLD, ved brev til Miljødirektoratet 02.03.2015.

Vurdering

Det er positivt at stølshuset og stølsområdet vert nytta. Å ta vare på kulturlandskapet med stølsområda er eit av føremåla med vern av Mørkridsdalen landskapsvernområde. Berget er den einaste stølen på strekket mellom Jervane og Åsetevatnet, og det er kunn eit stølshus på Berget. Det å bevare kulturlandskapet på denne stølen er med på å gje ei auka oppleving for dei besøkjande i området.

Utedo høyrer naturleg til stølshus, og det er lite heldig å ikkje ha ordna toalettforhald. Små utedoar knytt til stølshus kan vurderast som tiltak av mindre omfang, jamfør retningslinjer for

vurdering av presedens i byggesaker eller naturmangfaldslova § 48 (KLD 02.03.15), og vil ikkje vera negativt på verneverdiane med dagens teikna plassering.

Bygget det er søkt om synast å vera i samsvar med byggeskikk for utedo i området. Ein kan ikkje sjå at ein liten utedo vil vera i strid med formålet for vernet. Det er heller ikkje mange stølshus utan ordna toalettforhald, så det er lite sannsynleg at det vert skapt uheldig presedens ved risiko for mange tilsvarande søknadar, slik at samla påverknad vert for stor (jamfør naturmangfaldslova §10).

Utedoen vert vurdert som naudsynt for å dekka normal funksjon for ei stølshus og tiltaket kan redusera fara for ureining av området. Forvaltar og eigar av stølshuset har vore på synfaring for å sjå på egna stad for oppføring av utedoen, for nettopp å unngå avrenning og ureining. Eigar av stølshus og utedoen ynskjer at utedoen skal stå ulåst, slik at besøkjande kan nytte den.

Forvaltninga har rydda skog på og rundt stølsvollen på Berget, samt fjerna tistel og byrja å slå den gamle slåttemarka. Stølsområdet vert nytt til sauebeite. Eigar av stølshuset har ikkje beitedyr. Det lokale idrettslaget, IL Fanåråk, har satt opp postkasse på stølen, og den vert besøkt året rundt. Det er ynskjeleg å fjerne meir skog og kratt mellom utedoen og stølshuset jamfør skjøtselsplan for området.

Det er ikkje registrert trua artar på staden utedoen skal plasserast. Arealet som stølshuset ligg har pr 5 juli 2016 fått naturtypekategorien naturbeitemark, og vert vurdert som lokalt viktig (C-verdi). Staden som utedoen skal stå på ligg innanfor eit større område som har kategorien hagemark, og som er vurdert til nasjonalt svært viktig (A-verdi), særleg på grunn av artsrikdom og brukbar hevd. For lokaliteten er det viktig å ta vare på edellauvskogen, kor dei eldste tre må stå att, medan der tresjiktet er for tett må trea avstandsregulerast for å fremja vekst.

Berget inngår som del av hekkelokalitet for kongeørn. Undersøkinga er gjennomført av Høitomt og Aadnes i 2018. Den sensitive perioden er i frå 1 februar til 1 august, det er ikkje anbefalt noko tiltak i området.

Fylkeskommunens seksjon for kulturarv har pr. e-post 29.08 kome med tilbakemelding om at dei ikkje har kjennskap til automatisk freda kulturminne eller verneverdige kulturminne i dette områder.

Det er ikkje registrert trua artar på området kor utedoen skal plasserast. I høve naturtypen hagemark, med dei råda om skjøtsel og omsyn, er det naturleg å krevje at dersom det er edellauvskog av eldre og, eller stor storleik skal det ikkje påverkast av oppføringa av utedoen. Kunnskapsgrunnlaget jamfør naturmangfaldslova §8 er vurdert som godt for å vurdera saka, og føre-var prinsippet jamfør § 9 vert difor ikkje vektlagt i saka.

Både i samband med skjøtselsarbeid og fritidsbruk, vil det vera trond for ein utedo på stølen. Det er ikkje andre bygningar på Berget enn stølshuset, og det er ikkje plass til do der. Det er difor naudsynt med eit eige bygg. Utedoen vil kunne vera med å hindre ureining av området. Det er vurdert at tiltaket med utedo ikkje vil føra til auka belastning på naturverdiane eller verneverdiane i området. Søkjar er ansvarleg for tiltaket, og må ta kostnadane med å fjerne utedoen dersom den føre til skade på verneverdiane jamfør naturmangfaldslova § 11.

Rett plassering av utedoen vil ha stor betydning for å ta vare på kulturlandskapet på Berget. Samtidig må ikkje utedoen føra til avrenning til vatn og vassdrag. Plasseringa i skogen ovanfor stølshuset er vurdert som ei god plassering som i liten grad påverkar landskapet og plasseringa vil ikkje føra til ureining av vassdrag.

Det vil i tillegg vera behov for motorisert ferdsel av utedoen. Under føresetnad av at transporten vert tilrettelagt slik at det ikkje oppstår skader på terrenget eller medføra uro av kongeørn i den sensitive perioden av året, kan ein heller ikkje sjå at aktiviteten i oppsetjingsperioden vil verka negativt inn på verneverdiane, § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar.

Konklusjon

Etter ei samla vurdering etter naturmangfaldslova §§ 8-12, meina forvaltar tiltaket ikkje vil påverka verneverdiane nemneverdig, og det vil ikkje vera i strid med verneformålet. Med heimel i verneforskrifta for Mørkridsdalen landskapsvernområde § 3 pkt 6.3 e og naturmangfaldslova § 48 første ledd, tilrår forvaltar at det kan gjevast løyve til å setje opp utedo i skogen ovanfor stølsområdet på Berget, samt motorferdsel i tilknyting til tiltaket, med dei vilkår som er gjeve.

ST 23/23 Referatsaker /

Melding om vedtak i Lom kommune: Endring av kommunal forskrift om motorisert ferdsel på vassdrag i Lom 2022/7818

ST 24/23 Delegerte vedtak /

DS 29/23 Delegert sak - Breheimen NP - 2023 - Bruk av drone til filming - Egmont PEOPLE v/ Amalie Gulbrandsøy 2023/7289

DS 30/23 Delegert vedtak - Mørkridsdalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2023 - helikopter - restaurering av sel og oppføring av utedo - Dalen - 20/10 - Rune Fuglesteg 2023/4263

DS 31/23 Delegert vedtak - Høydalen LVO - 2023 - Dispensasjon - Opplag av båt ved Tverrbytnet i Bukkebotnen - Eilev Hellekveen 2023/7334

DS 32/23 Delegert vedtak - Breheimen NP - 2023 - Landing med helikopter for å vurdere skade etter uværet "Hans" - Lomseggen sameige v/ Kjell Brandsar 2023/8525

DS 33/23 Delegert vedtak- Mørkridsdalen landskapsvernombud-Dulsete-Restaurering av Haugsselet på Dulsete-Dispensasjon for motorferdsel-Helikopter- Johannes Hauge 2021/4296

ST 25/23 Eventuelt /